

16.04.2019

**VEDTEKTER**  
**FOR**  
**STIFTINGA VESTLANDSFORSKING**

§ 1

Stiftinga Vestlandsforskning har sete i Sogndal. Stiftinga er oppretta av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

§ 2

Føremålet til stiftinga er å fremje forskning med tilknytning til Sogn og Fjordane. Dette kan skje ved at stiftinga kartlegg trongen for, tek initiativ til, legg til rette for, skaffar midlar til og driv forskning og forskingsformidling innan bruksretta forskingsområde. Dette er ikkje til hinder for at stiftinga også engasjerer seg i oppdrag og aktivitetar utanom Sogn og Fjordane. I denne samanhengen er det særleg ønskjeleg at ein engasjerer seg i Vestlandsregionen.

Vestlandsforskning har ikkje-ervert til formål og verdiar som vert skapte i stiftinga skal nyttast i stiftinga til fagleg utvikling og forskning.

§ 3

Stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt. Formidlings- og forskingsarbeidet til stiftinga skal skje i nært samarbeid med høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket, med kommunale, fylkeskommunale og statlege organ og med organisasjonar innan nærings- og arbeidsliv i fylket.

§ 4

Stiftinga skal samarbeide med sentrale forskingsinstitusjonar andre stader i landet og halde seg godt orientert om kva forskning dei driv, og særskilte arbeide for at dei kan ta opp forskingsoppgåver som er relevante for Sogn og Fjordane og Vestlandsregionen.

§ 5

Grunnkapitalen utgjer 4 mill. kroner. Stiftinga skaffar elles det økonomiske grunnlaget for verksemda si ved betaling for oppdrag og tenester og ved eventuelle løyvingar frå offentleg eller privat hald.

§ 6

Stiftinga blir leia av eit styre. Den daglege verksemda blir leia av ein direktør.

## § 7

Styret har sju medlemmer og varamedlemmer.

For styremedlem valde av dei tilsette skal det vere personleg varamedlem. Styret skal elles vere samansett slik:

- 6 av styremedlemene og 6 faste varamedlemmer i nummerert rekkefølge blir valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av og blant dei tilsette ved Vestlandsforskning

Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 4 år, og kan veljast for ein ny 4-års periode. Dei tilsette sine representantar blir valde for 1 år om gongen.

Den fylkeskommunale valretten blir utøvd av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.

Styret i Vestlandsforskning oppnemner valnemnd for styremedlemmer valde av fylkeskommunen.

## § 8

Direktøren står for den daglege leiinga av stiftinga og førebur dei sakene som skal handsamast i styret. Direktøren har ansvar for at verksemda blir driven i samsvar med vedtektene og med dei vedtak som blir gjort av styret. Styret fastset instruks for direktøren.

## § 9

Forskinga og anna arbeid ved stiftinga skal vere offentleg. I særskilte tilfelle kan styret gjere unntak frå denne føresegna.

## § 10

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tek stilling til om ein skal søkje å endre vedtektene etter tilråding frå styret.

## § 11

Sogn og Fjordane fylkesting kan søkje om å få oppløyst stiftinga etter tilråding frå styret.

I tilfelle oppløysing skal fylkeskommunen ha råderett over stiftinga sine aktiva. Ved eventuell fordeling av desse skal fylkeskommunen sikre at dei føremål som har lege til grunn for verksemda med stiftinga, vert ført vidare.